### PR-tur med «Gann»

**KAMPANJE:** I slutten av oktober skal det vellukka skuletilbodet på «Gann» nyttast til å marknadsføra maritim utdanning. I følgje Øyvind Bårdsen i Maritimt Opplæringskontor skal kampanjen starta i Egersund 30. oktober. Deretter skal mange ulike skule- og skipsfartsbyar nordover langs kysten besøkjast med ei mini utdanningsmesse om bord.

### Garantert jobb

**HAUGESUND:** Alle som utdannar seg ved maritim høgskule og fagskule i Haugesund får garanti om jobb til sjøs hos lokale reiarlag i to år etter avlagt eksamen.

### Fleire til høgskulen

**MARITIM HØGSKULE:** Fleire studentar søkte seg til den maritime høgskulen i Haugesund i år enn i fjor. I år var søkjartalet 37, mot 18 året før. 22 studentar starta i haust på høgskulestudiet i nautikk, mot 14 i fjor.

- Svært mange nye skip er på beddinga. Minst 1000 nye sjøfolk må til.
- 60 maritime elevplassar i den vidaregåande skulen står likevel tomme.

# Treng 1000 nye sjøfolk på to år

Thomas Førde tekst

**HAUGESUND:** – Ingen av desse minst 1000 ekstra sjøfolka finst i dag. Dei må skaffast i løpet av dei neste to åra, seier Arne Lier, dagleg leiar i Gulf Offshore i Sandnes.

Hans reiarlag aleine treng 125 nye sjøfolk i løpet av dei to næraste to åra.

– Me skal bemanna nye fartøy og fartøy som me driv for andre reiarlag, seier Arne Lier.

Berre i Rogaland er det trong for meir enn 500 nye sjøfolk til lokalt eigde nye offshoreskip. Reiarlag som Østensjø, Solstad og Eidesvik treng alle godt over 100 nye sjøfolk kvar. Møkster melder om eit behov på 60, i tillegg til Gulf Offshores 125.

Dessutan kjem tankreiarlag som Knutsen OAS, Teekay, Solvang og Klovning, som alle treng norske offiserar til sine nybygg.

Samtidig har alle reiarlag naturleg avgang som skal erstattast. På land skal kvart reiarlag sin driftsorganisasjon utvidast i takt med veksten i flåten.

På toppen av dette leitar til dømes Sjøfartsdirektorat og verftsindustri etter ingeniørar med maritim bakgrunn.

## Ledige skuleplassar

Skipsfartsnæringa reknar med at ein treng mellom tre og fire hundre nye sjøfolk årleg for å fylla på etter naturleg avgang og sjøfolk som tar seg jobb i land.

Men det er ikkje meir enn dei maritime vidaregåande og fagskulane utdannar årleg.

Ein auke i behovet for sjøfolk er det dermed ikkje elevar til i utdanningssystemet i dag.

Men det finst fleire skuleplassar enn interesserte elevar.

– Til 280 ledige maritime utdanningsplassar i den vidaregåande skulen på Sør- og Vestlandet (Vest Agder, Rogaland og Hordaland) melde det seg i år 220 kvalifiserte søkarar, opplyser Øyvind Bårdsen i Maritimt opplæringskontor. Men Bårdsen kan likevel gle seg over at mest alle læreplassar til sjø er fylte opp med kvalifiserte kandidatar frå vidaregåande skule. 150 elevar frå Sørvestlandet starta læretida til sjøs nå i sommar.

– Sjølv om dette er fleire enn på mange år, manglar me likevel mellom 10 og 15 for å dekka heile det innmelde behovet, seier Øyvind Bårdsen.

## «Gann» mest pop

Skuleskipet Gann har mest grunn til å gle seg over interessa frå ungdommen. Her var søkjartalet formidable 180 til 45 elevpassar på VK1. Men det populære skuleskipet har avgrensa plass. I alle høve inntil rektor om bord og skuleskipsentusiast Tor Egil Fjelde har finansieringsplanen for nytt skuleskip i boks.

## Sikre jobbar

– Det viktigaste rekrutteringstiltaket er at skipsfartsnæringa må kunne tilby varige og sikre arbeidsplassar, seier personal- og operasjonssjef i Møkster Shipping i Stavanger, Arild Kjenes.

Han har sjølv vore sjømann, men måtte gå i land tidleg på åttitalet.

– Då blei me kasta i land medan arbeidsplassane våre blei flagga ut i stor skala. Dette sette ein støkk i både meg og mange andre. Næringa og styresmaktene må saman garantera for at dette er ei framtidsretta næring. Då vil ungdommen gå til sjøs, seier Kjenes.

Men konkurransen om ungdommen blir hard.

– Reiarlaga får også utfordringa med å halda på dei folka ein alt har tilsett. Om få år kjem nye boreriggar som skal ha maritimt mannskap. Dei tilbyr truleg endå betre vilkår når det gjeld arbeidstid, fritid og lønn, seier Kjenes.

thomas.forde@aftenbladet.no



**UTASKJÆRS:** *Marianne Lie i Norges Rederiforbund meiner rekruttering frå Russland blir viktig for norsk skipsfarts- og offshoreindustri.*

# Norsk industri treng russiske fagfolk

– Utdanning av russiske skipsoffiserar og maritime ingeniørar er nødvendig for å skaffa nok kvalifiserte folk.

Thomas Førde tekst og foto

**RUSSISK:** Det er adm.dir. i Norges Rederiforbund, Marianne Lie, som seier dette. Ho peikar på at eit prøveprosjekt nå er sett i gang i St. Petersburg i Russland.

Tre norske selskap, Acergy, Odfjell Drilling og Subsea Seven har saman med Rederiforbundet plukka ut 15 ingeniørar til eit halvt års påbyggingskurs.

I dette halve året skal dei få maritim- og offshore kompetanse i tillegg til opplæring i engelsk.

– Olje- og offshore industrien er svært interessert i prosjektet. Blir det vellukka kan fleire hundre russiske sivilingeniørar over tid bli rekrutterte til norsk maritim offshoreindustri frå Russland, seier Marianne Lie. Ho legg til at mange russiske jenter er kvalifiserte og interesserte.

Frå før er Norges Rederiforbund involvert i utdanning av russiske skipsoffiserar ved Makarov-instituttet i St. Petersburg.

50 offiserar, både navigatørar og maskinistar, er nå under utdanning.

Det tradisjonsrike Makarov-instituttet syter for det meste av opplæringa. Rederiforbundet supplerer med undervising i norsk lovverk og norske HMS-reglar og krav.

Men Rederiforbundet og deira medlemmer har plukka ut kandidatane og betalar utdanninga deira.

– Rekruttering frå Russland til norske skip blir viktig framover, ikkje minst med tanke på veksten i olje- og gassverksemda i nordområda, seier Marianne Lie i Norges Rederiforbund.

Thomas.forde@aftenbladet.no

# Spansk ungdom vil på norsk kjøl

Dei har eit levande ønske om jobb på moderne norske skip, dei to utvekslingsstudentane frå Spania som i år studerer nautikk ved høgskulen i Haugesund.

Thomas Førde tekst
Terje Rudi foto

**HAUGESUND:** Begge kjem frå Baskarland i Nord Spania. Her er rike sjøfartstradisjonar. Begge har sjøfolk som nære slektningar eller familiemedlemmer.

Juan Jose Usabiaga har studert maritime fag ved Universitetet i Bilbao i to år, medan Maite Mazariegos har gått tre år.

Denne hausten og vinteren vil dei studera i Haugesund, saman med to andre spanske studentar og ein frå Tyrkia og ein frå Finland.

– Me ønskjer begge å ta femårig høgare maritim utdanning. Målet er å bli kaptein. Kanskje kan det bli jobb på ein norsk båt, seier Juan Jose.

Så langt i studiet har dei to berre praktisk røynsle frå skuleskipet, ei segiskute som tilhøyrer Universitetet i Bilbao.

Mot slutten av dette året får dei høve til ein månads praksis om bord i eit norsk farty. – Eg ønskjer meg om bord i eit moderne offshorefarty som har utstyr for dynamisk posisjonering, seier Juan Jose.

Han legg til at DP-sertifikat er ein svært nyttig bakgrunn for ein maritim karriere.

I Baskarland i den nordlege delen av Spania er det mykje skipsbygging for norske reiarlag. Knutsen OAS i Haugesund byggjer for tida ein stor gasstankar i Bilbao. Østensjø Rederi byggjer forsyningsskip og taubåtar ved verft i nærleiken.

Knutsen-reiarlaget har alt to gasstankarar i drift under spansk flag med spanske offiserar og spansk mannskap om bord.

Dei to studentane er ikkje framande for å jobba på slike moderne skip tilhøyrande norske reiarlag.

– Men aller mest forlokkande er det å få jobb på skip under norsk flag, seier dei to. Dei viser til at lønna for spanske kadettar er under det halve av lønna til norske kadettar. Dei to maritime studentane frå Spania er dessutan imponerte over ordningane for arbeid og fritid om bord i norske skip, med fem veker av og fem veker på.

I Spania er kortaste arbeidsperioden om bord tre månader.

Eit viktig siktemål med studieåret i Norge er å lære meir engelsk. – Me håpar dessutan å lære litt norsk, seier Maite, som vedgår at norsk er vanskeleg.

Dette er første studieåret Høgskolen Stord Haugesund opnar seg for utvekslingsstudentar i maritime fag.

– Samtidig har me lagt opp undervisinga slik at fleire fag blir undervist på engelsk, seier studieleiar Nora Olsen Sund.



**FRÅ SPANIA:** *For første gong har den maritime høgskulen i Haugesund studentar frå Spania. Både Maite Mazariegos og Juan Jose Usabiaga ønskjer seg offisersjobb på eit moderne norsk skip etter endt utdanning.*



**MEIR SYNLEG:** *– Skipsfartsnæringa må marknadsføra seg betre og bli meir synleg for ungdom under utdanning, seier Kari Ytreland og Marthe Therese Møller, som begge er med i Rederiforbundets nye trainee-ordning.*

# Ny veg til maritim karriere

**HAUGESUND:** – Me blei freista av sjansen til å kunne jobba i ei global næring og dermed kunne jobba periodar i andre land.

Det er Kari Ytreland og Marthe Therese Møller som seier dette. Begge har gjennomført eit år som trainee i ein maritim bedrift. Begge har hatt plass hos det store tankskipsreiarlaget Teekay i Stavanger i denne tida.

Det er første gongen at Norges Rederiforbund i samarbeid med mange maritime bedrifter som reiarlag, forsikringsselskap og bankar, sette i gang ei traineeordning for å rekruttera nye medarbeidarar.

20 kandidatar er med på dette, og alle har universitets-og høgskulebakgrunn. Dei fleste er økonomar, ein tredel av kullet er sivilingeniørar og ein er jurist.

Kari Ytreland kjem frå Bergen og har utdanna seg som siviløkonom med mastergrad i internasjonalt management frå Norges Handelshøgskole.

Marthe Therese Møller kjem frå Hønefoss og har diplomøkonomeksamen frå handelshøgskulen BI i Oslo. Undervegs har ho hatt studieopphald i Australia.

Bakgrunn frå livet til sjøs har korkje Hønefoss-jenta eller ho som kjem frå Bergen. Men dei har begge lyst til å reisa ein tur med eit av Teekays bøyelasteskip for å kjenna på kroppen korleis sjølivet fungerer.

I løpet av det komande året i traineeprogrammet skal dei to dessutan ha arbeids- og studieopphald hos andre bedrifter som er med i ordninga.

– Dermed kan praksis og erfaringsbakgrunn bli breiast mogleg. Dessutan er det viktig å kunne byggja opp fagleg nettverk i fleire selskap, seier dei to shippingkvinnene.

I dette første kullet for maritime traineekandidatar er det få kvinner. – Me treng fleire kvinner innan shipping, ei næring som er dominert av eldre menn, seier Ytreland og Møller. Dei legg til at skipsfartsnæringa er nokså konservativ og treng å marknadsføra seg betre.

– Etter det me har sett det siste året, skjer det mykje spennande i næringa. Fleire bedrifter driv med imponerande program innan forsking og utvikling. Dette er lite kjent utanfor skipsfartsmiljøet.

På skulen høyrde me mest ingenting om jobbar innan maritime næringar. Det var mest snakk om jobbar i ymse konsulentfirma. Skipsfartsnæringa må ta tak i dette å bli meir synleg.

Vårt første år i næringa har i alle høve overgått forventingane, seier Kari Ytreland og Marthe Therese Møller.

thomas.forde@aftenbladet.no

**MER VANN:** Det er blitt mer vann i norske kraftmagasin. Nå er fyllingsgraden 60,2 prosent (uke 35), og det er en økning på 1,4 prosent. Uka før minket vannlagrene med 0,2 prosent. Høyest magasinfylling hadde Midt- og Nord-Norge med 65,4 prosent, mens Vest-Norge hadde lavest fylling med 53,7 prosent. (NTB)